



## Notat

Dato: 26.06.2017  
Arkivsak: 2015/10285-20  
Saksbehandlar: ambrein

---

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Ambjørg Reinsnos, Endre Sten Nilsen

---

### **Kulturminnerefleksjon innspel - Fv 561 Kolltveit - Agotnes – Utvida plangrense - Fjell kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi viser til vårt innspel i saka i brev datert 17.11.2015, og minner igjen om at dokumentasjon av kulturminne skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Konsekvensutgreiinga i denne saka må utvidast slik at den også omfattar dei utvida delane av planområdet. Kulturminna må omtalast og verneverdiene må vurderast.

I samband med varsel om oppstart av arbeidet med ny Fv 561 vart det i 2016 gjennomført arkeologiske registreringar innafor det opprinnelige planområdet. Det vart gjort funn av tre automatisk freda kulturminne frå steinalder (Askeladden id 219651, 219652, 219653), to ikkje freda funnstader frå steinalder, og ei rekke nyare tids kulturminne i form av steingjerder, bakkemurar, rydningsrøyser og ruinar vart registrert.

Den arkeologiske registreringa, saman med planområdet si høgde over havet og topografiske høve, indikerer at det er potensiale for funn av steinalderbuplassar i delar av dei utvida områda av den nye planavgrensinga. Vi finn det dermed naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein føremon for tiltakshavar å klarlegge spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Kostnadsoverslag for registrering blir ettersendt.

Elles viser vi til tidlegare innspel i saka. Ein bør i størst mogleg grad unngå direkte konfliktar med freda kulturminne, eller andre kulturminne med høg verneverdi. Automatisk freda eller andre kulturminne med høg verneverdi som ligg nær nye tiltak i planen, utan å bli direkte råka, bør inkluderast i planen sitt areal med arealføremål LNF og omsynssone c/d, jf PBL §§ 12-5, 12-6 og 11-8.